

AKTIV+ SOTRA ARENA



Vedtekter Aktiv+

§ 1 Foreininga

Aktiv+ er ein samarbeidsorganisasjon, stifta 24. mars 2015 på Sotra Arena.

Aktiv+ baserer seg på samarbeid mellom etablerte organisasjonar og Øygarden Kommune. Desse organisasjonane er ikkje sjølv medlem i Aktiv+, og medlemmene deira står fritt til å melda seg inn i Aktiv+.

§ 2 Formål og oppgåver

Aktiv+ skal vera ein møteplass for sosialt samvær, kultur- og aktivitetstilbod, som skal bidra til betre helse og meir livsglede for yngre og eldre seniorar.

Aktiv+ skal bl.a.

- Arrangera aktivitetar for medlemmer og ikkje-medlemmer
- Arrangera kurs og møte
- Oppmuntra til aktivitet og sosialt samvær i samarbeidande organisasjonar.

Aktiv+ er ein uavhengig og frivillig samarbeidsorganisasjon, som skal søkja samarbeid med andre lokale organisasjonar (frivillige, private og offentlege). Aktiv+ er partipolitisk uavhengig og religiøs nøytral.

§ 3 Juridisk person

Foreininga er sjølveigande og ein frittstående juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 4 Medlemskap

Medlemskap er personleg og uavhengig av medlemskap i andre organisasjonar.

Medlemskap forpliktar ikkje til deltaking i aktivitetar.

§ 5 Årsmøte

Årsmøte er Aktiv+ sitt øvste organ og er vedtaksdyktig når innkallinga er gjort i samsvar med vedtektene. Årsmøte skal haldast innan utgangen av mars månad. Det skal innkallast med minst tre vekers varsel. Saker som medlemmene ønskjer å behandla må vera styret i hende to veker før årsmøtet.

Årsmøtedokumenta skal vera tilgjengelege ei veke før årsmøtet haldas.

Årsmøtet skal behandla:

- 1) Godkjenning av innkalling og dagsorden.
- 2) Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å underskrive protokollen.
- 3) Årsmelding frå styret.
- 4) Rekneskap og revisor-rapport.
- 5) Behandla innkomne forslag og saker.
- 6) Fastsetja medlemskontingent.
- 7) Handlingsplan for komande år.
- 8) Budsjett.
- 9) Val av styreleiar.
- 10) Val av fem styremedlemmer og to varamedlemmer.
- 11) Val av revisor og tre medlemmer til valkomité.

Vala skjer etter innstilling frå valkomitéen på styremedlemmer, varamedlemmer til styret, revisor og valkomité.

§ 6 Styret

Tillitsvalde blir valde av og blant medlemmene i Aktiv+.

Aktiv+ blir leia av eit styre og skal utføra oppgåvene i samsvar med vedtekter og retningslinjer fastsett av årsmøtet.

Styret er samansett av seks styremedlemmer som blir valde av årsmøtet.. Øygarden kommune peiker ut ein fast kontaktperson for styret. Vedkommande har tale- og forslagsrett.

Styreleiar blir vald særskilt for eitt år.
Styremedlemmene blir valde for to år.
Varamedlemmene blir valde for eitt år.
Valkomit  med minimum tre medlemmer blir vald for eitt år.
Revisor blir vald for eitt år.

Styret konstituerer seg sj lv. Styret kan la seg bist  av andre utanom styret til enkelte oppg ver.

Varamedlemmene blir innkalla til alle styrem te, med tale- og forslagsrett.

Styret kan ta avgjerder n r minst halvparten av dei som har stemmerett er til stades.
Enten leiar eller nestleiar m  vera til stades.
Ved stemmelikskap tel stemmen til leiar som dobbeltstemme.

§ 7 Oppg vene til styret

Styreleiar har den daglege leiinga av foreininga. Leiaren kallar inn til styrem te og leiar m tet dersom ikkje anna er bestemt.

To styremedlemmer kan i fellesskap kalla inn til styrem te.

Styreleiar tilviser alle utbetalingar.

Nestleiar fungerer som styreleiar n r leiar ikkje er til stades.

Sekret ren skal skriva referat fr  alle styrem te og  rsm te.

Sekret ren skal i samr d med styreleiar st  for korrespondansen i Aktiv+.

Sekret ren skal vera arkivar for foreininga.

Kasseraren f rer rekneskap og medlemsoversikt. Midlane til Aktiv+ blir sett inn p  bank

Revisoren skal gjennomg  og godkjenna rekneskapane ein gong i  ret.

Revisorrapporten skal leggjast fram for styret og  rsm tet. All revisjon og kassakontroll skal dokumenterast som nummererte brev fr  revisor, i eigen revisorprotokoll.

Styret skal s kja offentlige og private midlar for   dekkja mest mogeleg av kostnadane ved drift av Aktiv+.

Styret kan fastsetja at det kan takast betaling for enkelte arrangement eller foredrag utover ev. kontingent.

Styret skal setja opp aktivitetsprogram for drifta, ogs  foredrag som ikkje blir arrangert av ein av dei samarbeidande organisasjonane.

Styret utarbeider vaktplan for det enkelte arrangement.



§ 8 Kontingent

Medlemskontingent blir fastsett av årsmøtet.

§ 9 Ekstraordinært årsmøte

Etter vedtak i styret eller etter skriftlig krav fra minst 10% av medlemmene i laget per 31.12 siste år, blir det halde ekstraordinært årsmøte.

Det skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. I innkallinga skal det gå fram kva saker som skal behandlast. Dokumenta skal vera tilgjengelige frå det tidspunkt møtet er kunngjort.

§ 10 Vedteksendring

Endring av vedtektene må skje med røystene frå minst 2/3 av dei frammøtte på årsmøtet.

§ 11 Oppløysing

Oppløysing av Aktiv+ må bli vedteken av to årsmøte, og minst 2/3 av dei frammøtte på årsmøtet og ekstraordinært årsmøte må stemma for oppløysing.

Ved oppløysing blir formuen og egedelane til foreininga overført til Øygarden kommune .

Straume, 25.5.2021